



Ankerløkken Eigedom AS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Magne Nesse, 5557 2335

Brevet er sendt pr e-post til toopseth@online.no

Løyve til utfylling av steinmassar i sjø i Ytre Øyrane i Førde, Ankerløkken Eigedom AS


Fylkesmannen i Vestland gjev Ankerløkken Eigedom AS løyve til utfylling av inntil 200 000 m³ steinmassar over lettare forureina sjøbotn i Ytre Øyrane. Formålet med tiltaket er å etablere areal for industri i samsvar med reguleringsplan. Utfylling av stein skal skje ved at det fyrst vert etablert ei molo mot sør, og vidare utfylling skjer på innsida av denne. Utfyllinga skal overvakast med turbiditetsmålingar. Utfylling kan ikkje skje i perioden 1. februar - 30. juni av omsyn til gyte- og oppvekstperioden for sild og torsk, og utvandring av laksesmolt. Løyve er gjeve med heimel i forureiningslova § 11.

Vi viser til søknad datert 22. mars 2019.

Søknaden

Ankerløkken Eigedom AS skal utvide eksisterande næringsområde i samsvar med områdereguleringplan for Ytre Øyrane, vedteken 26. oktober 2018. Det skal etablerast nytt landområde på ca. 23 000 m² ved å fülle ut ca. 200 000 m³ massar i sjø ved utløpet av Jølstra.

Anleggsstart er tenkt i 2019 med oppstart tidlegast juli. Ferdigstilling er ikkje kjend, då utfyllinga skal skje etappevis avhengig av tilgjengelege overskotsmassar. Sjøbotnen der utfylling skal skje er lettare forureina. Avbøtande tiltak er først å etablere ein molo i sør for å demme opp for elvstraumen frå Jølstra. Utfylling skal kun skje i perioden juli til januar av omsyn til fiskeinteresser. Det skal nyttast oppsamlingslenser rundt utfyllingsområdet og tiltaket skal overvakast ved hjelp av måling av turbiditet.



Figur 2 Planlagt utfyllingsområde på vestsida av Ytre Øyrane.



Høyring

Slik vi ser det, har saka vore opplyst for allmenta i samband med reguleringsplanen som nyleg er vedteken. Søknaden vart derfor ikkje kunngjort offentleg ved handsaming etter forureiningslova. Søknaden er sendt på høyring til Førde kommune, Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum og Fiskeridirektoratet.

Førde kommune (25. april 2019): Omsøkt tiltak er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Ytre Øyrane (vedteken 26. oktober 2018).

Fiskeridirektoratet, region vest (3. april 2019): Fiskeridirektoratet viser til at søknaden viser god oversikt over fiskeriinteressene i tiltaksområdet og er samd med dei omsøkte avbøtande tiltaka som er beskriven i søknaden.

Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum (3. mai 2019): Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli påverka av tiltaket. Museet viser til den generelle plikta etter kulturminnelova om stans i arbeid og varsling til museet dersom skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne vert observert under arbeidet.

Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Flora hamn KF (5. april 2019): Flora hamn KF gav løyve til tiltaket etter hamne- og farvannslova i vedtak av 5. april 2019.

Grunngjeving for løyvet

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i forureiningslova § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11 i lova. Utfylling av stein i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg". Utfylling på sjøbotn som er forureina av miljøgifter eller der utfyllinga kan påverke fiskeinteresser, trua artar mv., definerast ikkje som vanleg forureining og tiltaket må ha løyve. Fylkesmannen er forureiningsmynde for slike saker.

Fylkesmannen kan ikkje gje løyve etter forureiningslova dersom tiltak er i strid med endelege planar etter plan- og bygningslova. I følgje uttale frå Førde kommune er tiltaket i samsvar med gjeldande plan.

Når forureiningsmynde avgjer om løyve skal gjevast og fastset nødvendige avbøtande tiltak (vilkår), skal det leggjast vekt på ulemper som følgje av forureining ved tiltaket samanlikna med dei fordelar og ulemper som tiltaket vil medføre. Prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.

Sjøbotnen i Ytre Øyrane, der stein skal fyllast ut, inneheld nokre lag med gytje øvst. Sjøbotnen er lite til middels forureina. Det er bl.a. ikkje funn av tungmetall i sedimenta. Når stein vert fylt på slik sjøbotn vært dei lause massane som inneheld litt miljøgifter fortrent og kan spreie seg over lange avstandar. Den metoden som er valt med først å etablere ei molo som skjermar mot elveflaumen frå Jølstra og så foreta oppfylling innafor moloen er ei god og nødvendig løysning etter Fylkesmannens vurdering. Utfyllinga vert overvaka med turbiditetsmålingar med alarmgrenser og stans i arbeida viss alarmen går.

Fylkesmannen er usikker på om ei siltgardin plassert frå ytterkant molo i praksis kan fungere då den vil vera påverka av elveflaum frå Jølstra i ei retning og pådrag frå sjøen i motsett retning. Dersom det skulle bli mykje stans i arbeidet pga. turbiditet, må tiltakshavar vurdere om dei skal endre måten dei fyller ut stein på eller om det kan nyttast siltgardin. Alarmgrensa for turbiditet er satt strengt og er på same nivå som ved opprydding i sterk forureina hamneområder. Fylkesmannen meiner at dei avbøtande tiltaka som er beskrive i søknaden vil redusere risiko for spreieing av miljøgifter og reine partiklar til eit akseptabelt nivå, og at metodane er i samsvar med Miljødirektoratets rettleiar M-350 "Handtering av sedimentar".



Sprengsteinsmassar som skal fyllast kan innehalde steinstøv, jord og anna forureining, til dømes skyteleidningar av plast frå sprenginga, som vil kunne bli spreidd når dette blir dumpa i sjøen. Fylkesmannen føreset at Ankerløkken Eigedom AS har ein avtale med leverandør av massane om kva slags massar som kan nyttast til utfylling, og at det vert tatt omsyn til potensiell forureining frå desse massane. Massane bør utsorterast slik at massane som nyttast er brukbare til utfylling og inneheld minst mogeleg finstoff og skytestreng av plast. Sidan tiltaket kan skje i etappar med ulike masser, krev Fylkesmannen at kvar masseleveranse frå ny leverandør skal kontrollerast og dokumentasjon/vurdering av massane skal sendast til Fylkesmannen.

Dersom det vert nytta massar som inneheld skytestreng og anna plast som flyt, vil Fylkesmannen vurdere å krevje utlagt lenser for å samle opp flyteavfall. Tiltakshavar må ha beredskap for å reinske opp eventuelle forureiningar som kan følgje med steinmassane.

Fylkesmannen har i vilkår 5.1 kravd at det skal takast minst tre sedimentprøver av sjøbotnen nord for tiltaksområdet i forkant av tiltaket og i etterkant av tiltaket. Sedimentprøvene skal analyserast for miljøgifter og skal nyttast til å vurdere ev. påverknad frå utfyllinga. Dersom utfyllinga skjer i etappar, kan det vera aktuelt å ta prøvar etter kvar etappe. Beskrivelse av av prøvetaking, rutinar for kontroll av massar, detaljteikningar og beskriving for utføring av moloen og dokumentasjon av turbiditetsmålingar skal beskrivast i ein kontroll- og overvåkingsplan som skal sendast Fylkesmannen seinast 14. dagar før tiltaket startar opp.

Naturverdiar i utfyllingsområdet er undersøkt i konsekvensutgreiing av biologisk mangfald i samband med områdereguleringsplan for Ytre Øyrane og den godkjende planen har ivaretatt omsyn til svært viktige naturtypelokalitetar og raudliste artar, etter fyrst motsegn frå Fylkesmannen. Det er difor svært viktig at ein under anleggsarbeidet ikkje overskrider dei grensene som fylgjer av reguleringsplanen, med til dømes mellombels masselagring eller andre anleggstiltak som kan skade naturverdiar.

Marint naturmangfald og fiskeriinteresser i området som kan verte påverka av sjølve anleggsarbeidet er gjort greie for i søknaden.

Det er i Fiskeridirektoratets database Yggdrasil registrert gytefelt for torsk og sild ca. 500 meter ut i fjorden frå utfyllingsområdet. I Lakseregisteret til Miljødirektoratet er Førdefjorden registrert som nasjonal laksefjord og Jølstra som lakseførande strekning. Fylkesmannen meiner at vilkåret om at utfylling ikkje kan skje i i perioden 1. februar - 30. juni av omsyn til gyte- og oppvekstperioden for sild og torsk, og utvandring av laksesmolt er svært viktig av omsyn til å redusere påverknad av fiskeinteresser, og vi legg til grunn at Fiskeridirektoratet er einig i denne avgrensinga.

Etter Fylkesmannens vurdering vil sjølve utfyllinga med dei avbøtande tiltaka som er sett som vilkår utgjere liten risiko for naturmangfald og fiskeriinteresser.

Både forureinings situasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket vurderast som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivareteke ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn Fylkesmannen ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 5, 65 600 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Endring og omgjering

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.



Endringar skal være basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. At det er gjeve løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56.

Retten til å klage

De har fått løyve til utfylling i sjø. Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyrsats, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har mottatt dette brevet. Klagen bør være skrifteleg grunna, og den skal sendast til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Silje Tingstad
overingeniør

Magne Nesse
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Løyve med vilkår

Kopi med vedlegg:
Førde kommune
Fiskeridirektoratet
Flora hamn KF
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum
Cowi



Løyve til utfylling av steinmassar i sjø i Ytre Øyrane Førde kommune, Ankerløkken Eigedom AS

Fylkesmannen gjev Ankerløkken Eigedom AS løyve til utfylling av steinmassar i sjø med heimel i forureiningslova § 11. Løyvet er gjeven på grunnlag av opplysningar i søknad av 22. mars 2019 og opplysningar som kom fram under handsaming av søknaden.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan tre år, skal verksemda sende ei melding til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Fylkesmannens referanse

Løyvenummer	Anleggsnummer
2019.0388.T	1432.0090.01

Bedriftsdata

Bedrift	Ankerløkken Eigedom AS
Postadresse	Postboks 292, 6802 Førde
Kommune og fylke	Førde, Sogn & Fjordane
Org.nummer / eigd av	987 258 071 / 987 240 148

Løyvet gjeven: 10. mai 2019	
Silje Tingstad overingeniør	Magne Nesse senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>	

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Beskrivelse

1. Kva løyvet gjeld

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utfylling av inntil 200 000 m³ steinmassar i sjø på om lag 23 000 m² sjøbotn på Ytre Øyrane i Førde.

Utfylling kan ikkje skje i perioden 1. februar - 30. juni av omsyn til gyte- og oppvekstperioden for sild og torsk, samt utvandring av laksesmolt.

Utfylling skal skje innafør den arealavgrensing som er sett i områdereguleringplan¹ for Ytre Øyrane. Det er svært viktig at ein under anleggsarbeidet ikkje overskrider dei grensene som følgjer av reguleringsplanen, med til dømes mellombels masselagring eller andre tiltak som kan skade påviste svært viktige naturtypelokalitetar og raudliste artar i området.

1.2 Varsel om oppstart

Fylkesmannen skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendes minimum to veker før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til fmvlpost@fylkesmannen.no.

1.3 Grunnlag for løyvet

Fylkesmannen legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 22. mars 2019 med mindre anna er avtala med Fylkesmannen.

2. Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 2.5

2.4 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreducerande tiltak.

¹ PlanID 143220130001

Verksemnda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid fyller ut, transporterer eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 2.4.

2.5 Beredskap

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikten inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Verksemnda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter *Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining* fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Fylkesmannen skal også varslast.

2.6 Ansvar

Verksemnda er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Verksemnda pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Verksemnda pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om dei vilkår som gjeld og dei restriksjonane som er lagt på arbeidet.

2.7 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.8 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemnda må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet fritar ikkje for handsaming og/eller løyve etter anna lovverk som gjeld tiltaket, til dømes hamne- og farvannslova og plan- og bygningslova.

3. Avbøtande tiltak under utfylling

3.1 Kontroll av massar før utfylling

Utfyllinga skal skje i etappar og kva slags masser som skal nyttast er ikkje kjend i dag. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt ut i sjøen. Massane sitt innhald av skytestreng og anna plast frå skyting, type skytestreng (elektronisk eller non-el), innhald av finstoff og anna potensiell forureining i massane skal også inngå i kontrollen. Dette skal beskrivast i kontroll- og overvaksingsplan, jf. vilkår 5.1.

Det skal nyttast mest mogeleg reine steinmassar til utfylling. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Det vert også vist til reguleringsføresegn sett av Førde kommune: *Mengd finpartiklar på steinmassane skal vurderast og ev. vaskast før deponering i sjø.*

Fylkesmannen krev at kvar masseleveranse frå ny leverandør skal kontrollerast og dokumentasjon/vurdering av massane skal sendast til Fylkesmannen, jf. kontroll- og overvaksingsplanen.

3.2 Metode for utfylling av steinmassar over forureina sjøbotn

Utfylling kan ikkje skje i perioden 1. februar - 30. juni av omsyn til gyte- og oppvekstperioden for sild, torsk og utvandring av laksesmolt.

Det skal først etablerast ein molo langs utfyllingsgrensa i sør for å demme opp for elvestraum frå Jølstra. Detaljteikningar og beskriving for utføring av moloen skal dokumenterast i kontroll- og overvakingsplan, jf. vilkår 5.1.

Når moloen er etablert kan det fyllast ut stein på innsida av den. Steinmassane skal leggjast så skånsamt som mogeleg ned på sjøbotn.

3.3 Turbiditetsmålingar, alarmgrenser, stans i arbeidet

Turbiditetsmålingar skal planleggast og utførast i samsvar med Norsk Standard NS-EN ISO 7027-1 *Bestemmelse av turbiditet*.

I anleggsperioden skal det målast turbiditet ved minimum ein målestasjon. Målestasjonen skal stå på den djupna ein forventar at partikkelspreiinga er størst.

Det må dokumenterast ein referanseverdi for turbiditet, enten fastsett på førehand ved målingar eller med ein referansestasjon der det vert teke målingar ved faste intervall under anleggsperioden.

- Alarmgrense for turbiditet er 10 FNU + referanseverdi

Tid mellom kvar avlesing skal ikkje vere over 10 minutt. Om alarmgrensene vert overskride utover ei periode på 30 minutt skal arbeida stansast, årsaksforholda avklarast og nødvendige avbøtande tiltak gjennomførast. Dersom overskridinga skjer på grunn av arbeida, kan arbeida ikkje starte opp att før turbiditeten er nede på stabile nivå under alarmgrensene.

Metode for måling, djupne, referanseverdi og plassering av stasjon skal beskrivast i kontroll og overvakingsplan, jf. vilkår 5.1.

3.4 Siltgardin/lenser/ oppsamling av avfall

Hovudvilkår for å redusere spreining av partiklar/finstoff frå utfyllinga er stetting av turbiditetsgrensa gjeve i vilkår 4.4.

Dersom tiltakshavar finn at ein vil nytta siltgardin for å redusere spreining, så skal siltgardina dekke heile vatnsøyla og ha feste i botn. Det skal då førast jamleg kontroll med siltgardina.

Dersom det skal nyttast masser som inneheld skytestreng som flyt så kan Fylkesmannen krevje at det vert nytta lenser rundt utfyllingsområdet for å samle opp plast, i fall det ikkje er i bruk siltgardin.

Det skal være rutinar for å jamleg å reinske opp eventuelle forureiningar som kan følgje med steinmassane langs strender og i sjø. Dette skal beskrivast i kontroll- og overvakingsplanen, jf. vilkår 5.1.

4 . Avfall

Verksemda plikter, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det dannast avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhaldet av skadelege stoff i avfallet reduserast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørge for at alt avfall, også farleg avfall, vert handtert i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, spesielt avfallsforskrifta. Eventuell siltgardin skal leverast til godkjent mottak etter bruk.

5. Kontroll, overvaking og rapportering til Fylkesmannen

5.1 Kontroll- og overvåkingsplan

Ankerløkken Eigedom AS skal lage ein plan for kontroll- og overvaking av tiltaket. Planen skal sendast Fylkesmannen seinast 14 dagar før oppstart av tiltaket. Planen skal innehalde ein tidsplan for utføring av tiltaket, dersom dette er mogeleg.

Det skal takast minst tre sedimentprøver av sjøbotn nord for tiltaksområdet i forkant av tiltaket og i etterkant av tiltaket. Sedimentprøvane skal analyserast for helse- og miljøfarlege kjemikaliar og skal nyttast til å vurdere ev. påverknad frå utfyllinga. Dersom utfyllinga skjer i etappar, skal Fylkesmannen avgjer om det skal takast prøvar etter kvar etappe. Utføring av slik prøvetaking skal beskrivast i kontroll- og overvåkingsplanen.

Det skal førast loggbok. Kopi av loggboka skal følgje som vedlegg til sluttrapporten.

5.2 Rapportering undervegs i anleggsarbeidet

Eventuelle uønskte hendingar, avvik frå løyvet og beskriving av avbøtande tiltak som er gjennomført skal meldast til Fylkesmannen undervegs i anleggsarbeidet til fmvlpost@fylkesmannen.no.

5.2 Rapport frå sluttkontroll

Ankerløkken Eigedom AS skal sende rapport til Fylkesmannen innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført. Dersom utfyllinga skjer i etappar med ulike masseleveransar, så skal kvar utfylling rapporterast til Fylkesmannen med ev. tidsplan for neste fase.

Rapporten(e) skal innehalde:

- opplysningar om kor store mengder masse som faktisk har blitt fylt ut (i m³ eller tonn).
- opplysningar om plassering av massane (kart)
- oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som vart satt i verk
- vurdering av miljøpåverknad av tiltaket.
- kopi av loggbok

6. Tilsyn

Ankerløkken Eigedom AS plikter å la representantar for forureiningsmynde føre tilsyn med anlegget når som helst.